



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 42 (17.-19.10.)2022

Tema: Støtte frå tilsette

Stad og dato: Hyllestad, den 19.oktober 2022

Harriett Norstrand

Anne Erstad

Åsmund Berthelsen

Vurderarar

Innhald (er automatisk)

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema	4
3.1 Fakta om skulen	4
3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema	4
3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete	5
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete Hyllestad skule/barnehage	6
6. Vurderingar	7
6.1 <i>Elevperspektivet</i>	7
6.2 <i>Personalet perspektivet</i>	10
6.3 <i>Foreldreperspektivet</i>	14
6.4 <i>Organisasjonsperspektivet</i>	18
7. Spørsmål til refleksjon	20
8. Vidare arbeid	21
Vedlegg:	22
Deltakarar i vurderinga	22
Tidsbruk	22
Metodar	22
Samtaleguidar og skjema (sett inn!)	23

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene» (Opplæringslova 2015 § 2.1).

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen» (Rammeplan 2017, s. 38).

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad:

<https://www.fjaler.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/hafs-oppvekst/ekstern-vurdering/> om lag ein månad etter vurderinga.

Januar 2022

Ida Fugle

Utviklingsrettleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 95767177

E-post: ida.cecilie.fugle@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Utifrå det vurderarane har høyrte, lese og sett er det eit trygt læringsmiljø ved Hyllestad skule. Elevane vert sett og får støtte både i det faglege og i det sosiale. Og det vert fortalt om gode relasjonar mellom vaksne og elevar – og elevar i mellom. Noko vi også har observert.

Men elevar fortel dei opplever litt ulik praksis både i det å ha varierte arbeidsmåtar, i det å praktisere reglar/rutinar og i arbeidet med å utvikle gode relasjonar. Dei vaksne er opptekne av og arbeider medvete med å utvikle gode relasjonar til elevane. Ved skulen er det ei klar haldning til at det er “alle sine elevar” ikkje mine og dine. Skulen har klare og skrivne rutinar for å følgje opp alvorlege hendingar mellom elevane og dei mindre tinga. Utifrå det vi har høyrte, lest og sett vert det teke tak i ting med ein gong.

Skulen har drive og driv eit aktivt utviklingsarbeid. Både lærarar, elevar og leiing fortel om forbetringar/framgang på fleire tema, som varierte arbeidsmåtar, støtte i læringsarbeidet og i handteringa av ulike hendingar/situasjonar. Skulen har ein oppdatert utviklingsplan med klar prioritering av kva skulen vil arbeide med å utvikle vidare.

3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

3.1 Fakta om skulen

Hyllestad skule er ein 1-10 skule med 110 elevar. Skulen ligg i Hyllestad kommune. Her går det 110 elevar fordelt på 9 grupper sidan to klassar blir undervist etter fådelt modell i nokre fag. Vi er 26 tilsette: 5 fagarbeidarar/assistentar, 19 lærarar, 1 sekretær og 1 rektor.

3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema

Bakgrunn for val av temaet «støtte frå tilsett» kjem frå elevundersøkinga og resultatane der. Vi skårar dårlegare enn forventa om lag kvart år med unntak av nokre år der vi så vidt passerer 4.0 i resultat. Vi har undra oss over kvifor svara varierer frå år til år, når vi sjølv synest vi er gode på å støtte elevane våre. Temaet har også kome opp politisk gjennom både formannskap og kommunestyre etter at skuleeigar har lagt fram kvalitetsmeldinga frå skulen. I arbeidet med å reflektere over resultatane har vi bl.a. lagt dette fram for elevrådet. Her får vi til svar at elevane svarar på elevundersøkinga ut frå kva relasjon dei har til ein lærar dersom den er dårlegare enn relasjonen dei stort sett har til andre. Medan dei oftast skryt av relasjonen dei har til andre lærarar og kontaktlærar. Vi har likevel valt å ha fokus på dette temaet på ekstern vurdering, sidan ein kan dra inn det meste i temaet. I elevundersøkinga heiter det «støtte frå lærar». Kollegiet vart samde om å kalle det for «støtte frå tilsett» for å gå breiare ut og få med oss alle som jobbar her. Det å støtte elevane er eit felles ansvar vi har.

3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete

Arbeidet med framtidsbilete har vore gjort i heile kollegiet, men det er brukt mest tid på det i PU-tida (pedagogisk utviklingsarbeid). Etter at ein sende over forslaget til framtidsbiletet til vurderarane for innspel, tok vi ei runde med fagarbeidarar og elevråd for å få deira stemme med på framtidsbilete. Vi brukte innspela i møtetida og spikra endeleg framtidsbilete. Slik sikra vi oss at alle som jobbar her fekk eit eigarskap til punkta, men også at elevane kjende at dei fekk delta og bli informert om prosessen med kva som skulle skje.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blick frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekstsenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



5. Framtidsbilete Hyllestad skule/barnehage

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller skulen/barnehagen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Borna: <i>Elevane opplever støtte i skulekvardagen</i>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevane opplever ein god relasjon med tilsette og medelevar. 2. Elevane opplever klasserommet som ein trygg arena og torer å be om hjelp når dei treng det. 3. Elevane opplever at lærarane tilpassar lærestoffet til sitt nivå og sin læremåte. 4. Elevane kjenner seg sett og opplever at lærarane er interessert i dei som heile menneske. At vi viser interesse for både fagleg nivå og gjennomføringsevne, men også for kva hen gjer i kvardagen elles.
Personalet: <i>Alle elevar opplever å få fagleg, sosial og emosjonell støtte frå dei vaksne på skulen</i>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dei vaksne er til stades, ser elevane og føl skulen sine rutiner for korleis ein «tek tak i ting». 2. Dei vaksne jobbar for å få gode relasjonar i klassen og på skulen 3. Dei vaksne fordeler tida si på ein fornuftig måte mellom elevane slik at alle vert sett og høyrte i løpet av ein skuledag og gir elevane ambisiøse nok oppgåver 4. Dei vaksne etterstrebar at elevane skal bli sjølvstendige individ ved å lære dei strategiar for korleis dei kan jobbe når dei står fast.
Føresette: <i>Alle foreldre opplever at barnet deira får</i>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Foreldre opplever eit gjensidig, godt og forpliktande samarbeid mellom heim og skule.

<p><i>støtte frå dei vaksne på skulen</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 2. Foreldre opplever at elevane har ein trygg og god skulekvardag. 3. Foreldra veit at dei vaksne på skulen bryr seg om elevane, og at dei vaksne behandlar elevane med respekt. 4. Foreldra opplever at skulen gir elevane den faglege oppfølginga dei har rett på.
<p>Organisasjonen: <i>Organisasjonen syter for at tilsette har fag –og relasjonskompetanse</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ein har fokus på utviklingsarbeid innanfor emnet og tileignar seg kompetanse om kva som skapar eit trygt og godt skulemiljø. 2. Skulen har gode rutinar for handtering av ulike situasjonar og er lojale mot rutinane. 3. Vaksne har god dialog seg imellom, når ein treng råd om både faglege og sosiale emner. 4. Ein samarbeider godt med eksterne faginstansar som helsestasjon, ppt, bup, barnevern, SU, FAU og elevråd.

Vurderingar

6.1 Elevperspektivet

Kvalitetsmål: «Elevane opplever støtte i skulekvardagen»

Teikn på god praksis: Elevane opplever ein god relasjon med tilsette og medelevar

God praksis:

Hovudintrykket er at elevane opplever gode relasjonar med tilsette og medelevar. Dei fleste elevar føler at dei vaksne bryr seg om dei, og gir dei merksemd i løpet av dagen. Alle elevar som blei spurte, følte dei hadde god relasjon med minst ein vaksen på skulen. Ein del vaksne er flinke til å bruke humor for å skape relasjon og «slår av ein prat» om andre ting enn skule, og dette verkar veldig bra for å skape tryggleik og relasjon til dei vaksne, seier mange elevar.


Relasjonen mellom elevar verkar bra. Det er alltid litt konflikter og urokråker i klassane, seier dei, men den samstemte oppfatninga til elevane er at alle respekterer kvarandre og har det bra ilag i klassane. Dei dreg fram at det er positivt med dei sosiale tilstellingane på tvers av trinna som for eksempel «skulejoggen» og Tine-stafetten. Dei opplever at dei fleste vaksne tek tak i meir alvorlege konflikter og ordnar opp når det oppstår.

Ei spørjeundersøking blant dei føresette stadfestar inntrykket at elevane har gode relasjonar til dei vaksne ved skulen. Nokre trivst med vennar utan å trivst så godt med skulearbeidet.

Både observasjonar og resultat frå elevundersøkinga støttar opp om at det generelt er gode relasjonar mellom elev og vaksne på Hyllestad skule, og at elevane får støtte.

Eleven trivst på skulen

55 responses



Praksis som kan bli betre:

Dei yngste trinna opplever at det er ein del bråk i klassen, og at det av og til kan gå ein heil time på «berre tull», der ein ikkje får kome ordentleg i gang med faget før timen er over. Er dette ei subjektiv vurdering eller ei reell utfordring, bør diskuteras med dei tilsette.

Ut i frå elevane si oppleving er det ein del lærarar som bør arbeide meir med å skape gode relasjonar med elevar, og desse blei trekt fram som lærarar som var «vanskeleg å stole på» eller som «ikkje brydde seg». Det er tydeleg at elevane opplever at relasjonskompetansen er variert blant dei tilsette på skulen, og ut frå dette bør ein ta ein diskusjon på kvifor det er slik.

Teikn på god praksis: Elevane opplever klasserommet som ein trygg arena og torer å be om hjelp når dei treng det.

God praksis:

Elevar svarer at dei stort sett opplever at det er greitt å gjere feil i klasserommet, at dette blir opplevd som nødvendig for læring. Dette er også observert i timane. Når elevane står fast på oppgåver, ber dei om hjelp, og dei opplever at dei fleste vaksne ynskjer å hjelpe dei. Dei fleste opplever at lærarane er gode på å forklare ting på ulike måtar for å hjelpe elevane.

Praksis som kan bli betre:

Ein del av elevane som blei spurte, opplever at ein må vente lenge på hjelp og sitter og venter «med handa i været». Kanskje ein kan ta ein diskusjon i personalet om dette kan sjåast ilag med det dei tilsette seier om «at elevane ber veldig fort om hjelp- gjerne før dei har lese oppgåve skikkeleg» eller om det er andre grunnar til at elevane opplever å må vente lenge på hjelp.

[Teikn på god praksis: Elevane opplever at lærarane tilpassar lærestoffet til sitt nivå og sin læremåte.](#)

God praksis:

Mange elevar fortel at dei opplever at lærestoffet blir tilpassa etter elevane sitt nivå med differensierte lesegrupper, ulikt lesestoff, tilpassa matte- og engelskoppgåver og så vidare. Elevar fortel av nokre lærarar er svært flinke å variere arbeidsmåte med stafettar, quizar, gruppearbeid, at ein kan høyre på musikk når ein jobbar, vere hjelpelærarar, at klassar får undervise andre klassar og andre måtar å variere på. Dei eldste elevane opplever at det har vore ei stor positiv endring når det gjeld å tilpassa opplæring og å bruke varierte arbeidsmåtar på skulen dei siste åra. Dette stemmer også med det dei tilsette og føresette fortel.

Praksis som kan bli betre:

Mange elevar tykkjer nokre lærarar er svært flinke til å bruke varierte arbeidsmåtar og tilpassa fagstoffet til elevane, medan andre lærarar er ikkje det. Dei etterlyser meir variasjon i undervisninga frå alle lærarar og gjerne i alle fag.

I elevundersøkinga svarer elevane at dei ikkje alltid er så motiverte til skularbeid.

[Teikn på god praksis: Elevane kjenner seg sett og opplever at lærarane er interessert i dei som heile menneske. At vi viser interesse for både fagleg nivå og gjennomføringsevne, men også for kva hen gjer i kvardagen elles.](#)

God praksis:

Dei fleste elevar som blei spurte opplevde at dei vaksne var flinke til å sjå og snakka med dei i løpet av dagen, slik som skrive litt om på det første «teiknet til god praksis».

Når det skjer negative hendingar eller konflikhtar mellom enkelte, sa dei at dei vaksne var flinke å ta ting som var negative på gangen ein-til-ein og at dette blei opplevd som ein god og rettferdig måte og ordne ting på.

Dei tykte det var svært positivt når lærarar gir dei små fortløpande kommentarar på korleis dei presterer både skriftleg og munnleg, og når læraren tek dei positive tilbakemeldingane før det «elevane må øve meir på». Dette føler elevane at nokre lærarar er svært flinke til.

Dei opplever at dei vaksne har tru på at dei kan gjere det bra på skulen. Det blir brukt ulike belønningssystem på skulen, og elevane føler at desse ytre belønningane verker positivt på deira innsats.

Praksis som kan bli betre:

Det var tydeleg at elevane opplevde variasjon blant dei vaksne når det gjaldt dei vaksne si interesse for deira fritid, korleis elevane hadde det generelt, og evna den vaksne hadde til å få elevane til å føle seg "sett". Dei opplevde at nokre lærarar var kun interessert i det faglege og brydde seg ikkje om «noko anna». I samtale med dei tilsette opplever dei fleste at alle elevane er «våre elevar» og at ein er bevisst på å seie «hei» til alle elevar og gi dei merksemd. Kva gjere då at nokre elevar opplever likevel at ein del vaksne ikkje er interessert i dei eller «ser dei»?

Nokre elevar fortel også om situasjonar som skjer, men at dei opplever at nokre vaksne ikkje tek skikkeleg tak i det, og om dei vaksne gjere det, så skjer det negative igjen dagen etterpå likevel. Dette samstemmer med det foreldra og dei tilsette også påpeiker. Her må lik praksis drøftast og etterstrevast.

Ein del elevar trekker fram at dei saknar meir vakter ute, dette er også noko foreldra påpeiker i sine tilbakemeldingar.

Når det gjeld det faglege og tilbakemeldingar på dette, meiner dei at nokre lærarar er litt korte i tilbakemeldingane og vurderingane på elevarbeid og prøvar. Dei saknar meir informasjon og ikkje berre «bra». Elevane seier dei ynskjer korte setningar om kva dei er flinke på og kva dei kan gjere betre. Dette motstrider litt med det dei tilsette seier- dei seier dei skriv vurderingar og tilbakemeldingar, men trekker fram at elevane ikkje les dei grundig eller er ikkje interessert. Kan ein ta ein diskusjon på kvifor elevane opplever det slik?

6.2 Personalet perspektivet

Kvalitetsmål: «Alle elevar opplever å få fagleg, sosial og emosjonell støtte frå dei vaksne på skulen».

Teikn på god praksis: Dei vaksne er til stades, ser elevane og føl skulen sine rutine for korleis ein «tek tak i ting».

God praksis:

Dei fleste tilsette føler dei har god kontakt med elevane og ser elevane i løpet av dagen. Dei er bevisste på å skape augneblink i løpet av dagen der dei får sjå den enkelte elev, passe på at alle får svare eller delta i løpet av timen. Dei er bevisste på å få tid til ein prat med elevane i løpet av dagen- inne, i overgang og ute i friminutta. Dei forsøker å få litt ekstra tid med dei

elevane som trenger dette, støtte dei i leik og fagleg, men også syte for at dei som krev lite merksemd også får merksemd. Elevar, foreldre og lærarar føler det er lettare å fylgje opp elevane no når det er færre elevar i kvar klasse, i motsetning til tidlegare.

Alle tilsette seier dei er godt kjende med rutine på § 9-A, ordensreglement og dreg også fram «klasserutine» og foreldremøte-malar. Det blir også nemnt at det no er lettare å finne desse rutinane i systemet og at ein føler skulen jobbar meir formelt opp mot desse rutinane no enn tidlegare. Når det gjeld å fylgje rutinar og avtaler lojalt for å sikre at ein «tek tak i ting» på lik måte, spriker svara litt meir. Dei fleste tilsette føler dei følj rutinane lojalt og etterstrevar lik praksis gjennom å drøfte praksis med dei andre i kollegiet og ta opp situasjonar på team.

Kan bli betre:

Nokre tilsette seier det av og til blir knapt med tid til dei «uformelle» pratane med elevane, for ein må bruke tida på konfliktløysingar og elevar som trenger meir merksemd.

Nokre tilsette seier det er vanskeleg å ha lik praksis, «det vil alltid vere vanskeleg å gjere alt likt». Det kjem fram frå leiinga, lærarar, fagarbeidarar, foreldre og elevar at nokre vaksne «tek ikkje tak i ting likt» som dei andre, og difor blir det ulikt praktisert. Alle opplever ei betring på at fleire og fleire har lik praksis, men er samde om at det fortsatt er ein veg igjen å gå før ein er i mål på dette punktet.

Teikn på god praksis: Dei vaksne jobbar for å få gode relasjonar i klassen og på skulen

God praksis:

Dei tilsette snakkar mykje om korleis ein arbeider for å skape gode relasjonar og verker svært bevisste på kor viktig dette er. Dei snakkar om kor viktig det er å kjenne til interessene til elevane, slå av pratar med dei, vere nok vaksne til å skape tid til relasjonsbygging osv. Det blir drøfta felles praksis kring relasjonsbygging, og det gjeld både relasjon mellom vaksen og elev, men også mellom elev og elev. Det er tydeleg at dette er noko som har vore tema i utviklingsarbeid og som dei fleste tilsette er opptekne av. Det kjem også fram i foreldreundersøkinga at elevane har spesielt godt forhold til kontaktlærarane.

Dei sosiale arrangementa som går på tvers av ungdomsskulen og på tvers av heile skulen blir dratt fram som svært positive for elevmiljøet av mange tilsette.

Praksis som kan bli betre:

I elevperspektivet kom det fram at ein del elevar opplever nokre tilsette som «vaksne ein ikkje kan stole på» eller som «ikkje bryr seg». Det er eit språk mellom at alle tilsette snakkar om viktigheita av relasjonskompetanse, men likevel verker det som elevane og føresette meiner relasjonskompetansen/praksisen varierer blant dei tilsette. Er det naturleg variasjon på at ein ikkje klarer å ta tett relasjon med alle, er

det forskjell på kor tett relasjon faglærer klare å bygge kontra kontaktlærer eller er det variasjon på kor vist nokre tilsette bruker relasjonskompetansen i praksis?

-Teikn på god praksis: Dei vaksne fordeler tida si på ein fornuftig måte mellom elevane slik at alle vert sett og høyrte i løpet av ein skuledag og gir elevane ambisiøse nok oppgåver


God praksis:

Dei vaksne er svært bevisste på dette med å fordele tid på alle, slik at alle blir sett og høyrte i løpet av dagen. Dei er også bevisste på dei usynlege elevane – desse som ikkje ynskjer å bli sett eller tek lite plass. Fagarbeidarar i skule og SFO passer også på at desse blir sett i løpet av dagen, ilag med lærar og teamet generelt. Dette er skrivne meir om lengre oppe.

Det som kjem fram når det gjeld å gi elevane ambisiøse oppgåver, er at nokre lærarar føler dei treffer alle elevane gjennom opne oppgåver som å lage podcast, gruppearbeid og større prosjekt. Andre lærarar nemner dette med at mattebøker, engelskbøker, og nokre digitale verktøy har oppgåver i seg for dei som også trenger meir utfordring. Lærarane på dei yngste trinna skriv «om oppgåvene» der og då, slik at dei blir vanskelegare for dei elevane. Det kan virke som at ein i nokre fag, klasser og lærarar får til å gi ambisiøse oppgåver, men mange tykkjer det også er utfordrande å klare dette i forhold til tid.

Føresette har dette inntrykket om korleis skulen motiverer elevane:

Lærarane stimulerer barnet mitt med omsyn til:



Praksis som kan bli betre:

Når det gjeld å gi elevane ambisiøse oppgåver, seier mange lærarar at det kan vere vanskeleg å utfordre dei elevane som treng det, då ein må bruke mest tid på dei som strever mest med faget.

Ei trend mange snakkar om, er at elevane er mindre uthaldne enn før- alt skal vere gøy. Korleis kan ein sikre seg at elevane også lærer uthaldenheit, viss alt skal berre vere kjekt? Det kan vere utfordrande å få på plass den grunnleggande kunnskapen, seier nokon, den kunnskapen som trengst før ein kan starte med gruppearbeid og litt meir opne oppgåver.

Nokre lærarar praktiserer belønning med kaker, andre med kuler og belønningsfest for god åtferd, andre er uenige i denne ytre motivasjonen og ynskjer meir indre motivasjon. Kan dette ein drøfte motivasjonspraksis?

[Teikn på god praksis: Dei vaksne etterstrevar at elevane skal bli sjølvstendige individ ved å lære dei strategiar for korleis dei kan jobbe når dei står fast.](#)

God praksis:

Dei tilsette føler generelt på at elevane ber litt for raskt om hjelp- dei har ikkje ein gang lese oppgåveteksten før dei rekker opp handa ofte. Ein må ofte repetere at ein må «lese oppgåva først» og så spørje om hjelp. Men på tross av at ein repeterer dette ofte, skjer det likevel ingen endring.

Nokre lærarar modellerer reknestykka på tavla, slik at det er synleg for alle korleis dei skal løyse oppgåvene i boka eller minner elevane på å bruke boka som støtte. Nokre vaksne opplever at det kan vere lett å nå over å hjelpe alle elevane, medan andre seier det er svært krevjande. I matematikkfaget praktiserer dei fleste lærarane at elevane kan hoppe over oppgåver når dei står fast, og jobbe vidare, medan dei ventar på hjelpe frå lærar. Det er ynskjeleg med grundige tilbakemeldingar i form av samtaler med elevane og det er lettast å få til når ein er fleire vaksne i trinnet eller har små rolege grupper.

Praksis som kan bli betre:

Dei vaksne opplever at det kan vere vanskeleg å få nå over å hjelpe alle godt nok, men dette varierer frå klasse til klasse. Elevane kan sitte ein del å vente på hjelp, og då kan det fort bli uro i klassen også. Dersom ein opnar for å hjelpe kvarandre i nokre klassar, så viser erfaring at det blir berre tull. Lærarane snakkar ein del om korleis ein kan skape meir uthaldenheit blant elevane, og lære dei å lese oppgåvene før dei ber om hjelp, og slik bli meir sjølvstendige ved å bruke lesing og studieteknikk for å gjere dei meir sjølvstendige.

Det blir også nemnt at dette at elevane ikkje har tilgang til Visma, gir dobbeltarbeid når det gjeld skriftlege faglege vurderingar og tilbakemeldingar.

6.3 Foreldreperspektivet

Kvalitetsmål: «Alle foreldre opplever at barnet deira får støtte frå dei vaksne på skulen.»


Det blei gjennomført ei spørjeundersøking blant dei føresette. Dei fekk høve til å svare fleire gongar, for kvart barn. Det er kom inn 55 svar, alle klassetrinn er representert.

Teikn på god praksis: Foreldre opplever eit gjensidig, godt og forpliktande samarbeid mellom heim og skule.

God praksis:

Fleirtalet av dei føresette er godt nøgd med samarbeidet med skulen, (93 %). Det er også lett å få kontakt med kontaktlærer.


Eg kan raskt få eit møte med kontaktlærer/skulen dersom eg har behov for det.
51 responses



Informasjon om fagleg og sosial framgang blir av dei fleste karakterisert som god. Dei fleste føresette meiner også at elevane har god til særskilt god fagleg utvikling. Dei er i stor grad oppteke av skularbeidet.

Lærarane følgjer opp synspunkta mine om mitt barns læring og utvikling

55 responses




Dei føresette synest at skulen er viktig og føl med på leksene. Elevane er i stor grad sjølvstendige med leksene. Foreldra opplever at leksene er tilpassa deira barn.

Dei meiner at elevane får god oppfølging og tilbakemelding i faga.

Elevane får rettleiing/vurdering undervegs som støttar vidare arbeid.

55 responses




Praksis som kan bli betre:

Nokre kommenterer at ein får lite informasjon om fagleg utvikling utanom dei obligatoriske samtalene. Lærarane signaliserer at det er ulik praksis og kanskje usikkerheit om bruk av vurderingsmodulen i Visma. Det er ein utfordring med trygg deling av sensitiv informasjon.

Dei føresette kommenterer leksene og framgang til å kunne variere mellom fag. Ein ser heller ikkje alltid samanheng mellom forventning/opplevd framgang og resultat.

Barnet mitt kan gjere feil utan å få negative kommentarar

55 responses



For enkelte kan det vere eit strev med lekser, mens andre kunne ha fått noko større utfordringar.

Fleire føresette er usikre på om elevane får nok rettleiing, det kan vere vanskeleg å få hjelp i timen og/eller lekser blir ikkje kontrollerte.

Teikn på god praksis: Foreldre opplever at elevane har ein trygg og god skulekvardag.

God praksis:

Dei aller fleste føresette meiner at elevane har gode relasjonar med dei tilsette. Kontaktlærarane blir framheva. Dei føresette meiner også at dei vaksne har positive forventingar til elevane. Dette samsvarer med elevane sine svar. Det er nemnd god dialog om forventingane.

På læringsmiljøet svarer fleirtalet at det er godt (67 %), men ikkje særst godt (25 %)

Praksis som kan bli betre:

Det blir nemnd enkelthendingar der elevane ikkje har blitt høyrd, eller har fått tilsnakk. Ein meiner at det ikkje blir teke omsyn til at det er ein konflikt mellom elevar. Det er eit ønskje om fleire vaksne ute i friminutta. Dette samstemmer også med det elevane seier.

Dei føresette opplever nokre gongar at det ikkje blir teke omsyn til eleven sine føresetnader. Noko som samstemmer med det elevane svarte- dei opplever også at det varierer på kor gode dei ulike lærarane er på å tilpasse lærestoffet.

Bråk er hovudårsaken til at ein meiner at læringsmiljøet ikkje er optimalt i enkelte klassar.


Teikn på god praksis: Foreldra veit at dei vaksne på skulen bryr seg om elevane, og at dei vaksne behandlar elevane med respekt.

God praksis:

Dei fleste foreldra meiner at elevane blir behandla med respekt. Det blir sagt at dei tilsette tek omsyn til barna sine føresetnader.

Dei tilsette behandlar barnet mitt med respekt

53 responses



Praksis som kan bli betre:

Nokre lærarar kan bli oppfatta som strenge. Enkelte vaksne kan virke forutbestemt.


Teikn på god praksis: Foreldra opplever at skulen gir elevane den faglege oppfølginga dei har rett på.

God praksis:

Det er vanskeleg for dei føresette å vurdere om undervisninga er variert. Likevel er dette spørsmålet som får flest nei-svar

Lærarane bruker varierte undervisningsmetodar og fleire arenaer for læring

55 responses



Elevane får meir utfordrande oppgåver når det er nødvendig

Praksis som kan bli betre:

Det er også føresette som meiner eleven kunne ha fått større utfordring. Det varierer mellom lærarane kor mykje dei greier å fengje elevane med opplegga. Dette samstemmer med elevsvara.

6.4 Organisasjonsperspektivet

Kvalitetsmål: Organisasjonen syter for at tilsette har fag –og relasjonskompetanse.

Teikn på god praksis: Ein har fokus på utviklingsarbeid innanfor emnet og tileignar seg kompetanse om kva som skapar eit trygt og godt skulemiljø.

God praksis:

Utifrå det leiarteamet fortel og det vi ser i nyleg oppdatert utviklingsplan driv skulen eit medvete utviklingsarbeid der dei prioriterer kva dei skal jobbe med utifrå behov på skulen, og ikkje kva som kjem av innspel utanfrå. Skulen deltek på kurs, fagdagar på tema dei sjølve har prioritert.

Utviklingsplanen har vorte til nedanfrå, med ståstadsanalyse drøfting med tilsette.

Det er felles samling med tid til pedagogisk utviklingsarbeid for alle lærarane ein gong i veka. Om naudsynt vert det bruka meir tid enn planlagt til eit tema, for å verte ferdig.

Praksis som kan bli betre:

Leiargruppa vil at skuleregion HAFS skal velje eit felles tema og ikkje spreie seg på fleire. Skulen prøver å få med fagarbeidarane i dei felles samlingane med pedagogisk utviklingsarbeid, men vanskeleg i praksis då det er SFO samstundes.

Utviklingsplanen seier lite om korleis utvikle/skaffe seg kompetanse på dei prioriterte områda.

Teikn på god praksis: Skulen har gode rutinar for handtering av ulike situasjonar og er lojale mot rutinane.

God praksis:

Skulen har nedskreven rutine for å handtere 9A-saker med aktivitetsplikt. Denne har alle lett tilgang til, og den vert nytta. Leiing og lærarar fortel om god informasjonsflyt om hendingar og oppfølging av mellom anna brot på orden- og åtferdsreglar. Både leiinga og lærarane stadfestar at det er ei "våre elevar-haldning" og ikkje "mine og dine- elevar-haldning".

Praksis som kan bli betre:

Det vert jobba med å få lik praksis på å handtere ulike situasjonar. Handtering av orden- og åtferdsreglar vert ikkje handtert heile likt. Dette skaper irritasjon. Men det vert teke opp og diskutert. Både i leiinga og mellom dei tilsette. Og det har vorte mindre irritasjon no. Dette vert stadfesta av tilsette som meiner ein er på veg mot ein meir eins praksis for å reagere. Elevar fortel også om variasjon i praksis på dette. Nokre vaksne er strengare enn andre.

Teikn på god praksis: Vaksne har god dialog seg imellom, når ein treng råd om både faglege og sosiale emne

God praksis:

Skulen har tre team, småskulesteg, mellomsteg og ungdomssteg med kvar sin teamleiar. Det er teammøte ein gong i veka. Her er både faglege og sosiale tema oppe, også einskildelevar vert diskutert. Skulen har fast tid til pedagogisk utviklingsarbeid (sjå over) der alle lærarane er samla. Også fagarbeidarane har vore med, men har ikkje vore med i det siste på grunn av personalmangel. Dei har no eige møte fast kvar veke der dei blir informert om det same som pedagogane. Dei reflekterer over eigen praksis og diskuterer utfordringar.

Både fag og sosiale forhold vert diskutert uformelt lærarar i mellom, og det vert fortalt om ein god delingskultur. Leiinga fortel om "opne dører".

Praksis som kan bli betre:

Teikn på god praksis: Ein samarbeider godt med eksterne faginstansar som helsestasjon, PPT, BUP, barnevern, SU, FAU og elevråd.

God praksis:

Leiargruppa fortel at samarbeidet med PPT har vorte betre dei siste åra. Og at PPT er nærare på skulen. Det er fast møte i ressursteam ein gong i månaden. På dei er det oppfølging frå førre møte og aktuelle saker. Skulen er også tydeleg på bestillinga/forventningane til PPT. Det same er dei opp mot foreldre og mot barnehagen for dei borna som skal over i skulen. Rektor møter foreldra til desse før skulestart. Det er utarbeidd plan for overgang barnehage /skule. Rektor er tidleg inne og møter foreldra til førskulegruppa. Her blir det snakka mykje om forventningar.

Elevar gjev uttrykk for at det har vorte betre. Det same gjer foreldre.

Praksis som kan bli betre:

Både barnevernet og BUP kan kome nærare og vere meir aktive i høve skulen. Og det er trong for større stabilitet med helsesjukepleiar. Det er læraren som må ta seg av mykje av det som ligg til andre instansar. Læraren si rolle er å finne dei som kan hjelpe.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
<i>Elevane opplever støtte i skulekvardagen</i>	Nokre lærarar praktiserer belønning med påskjønninga som kake, fri tidleg eller anna type belønning for god åtferd. Andre er ueinige i dette med ytre motivasjon og ynskjer meir indre motivasjon. Drøfte korleis få til meir indre motivasjon hjå elevane slik at dei kan arbeide meir sjølvstendig og halde ut?
<i>Alle elevar opplever å få fagleg, sosial og emosjonell støtte frå dei vaksne på skulen</i>	Drøft om det er ulik relasjonskompetanse og ulik praktisering av reglar og rutinar, slik elevane fortel om.
<i>Alle foreldre opplever at barnet deira får støtte frå dei vaksne på skulen</i>	
<i>Organisasjonen syter for at tilsette har fag –og relasjonskompetanse</i>	Korleis drive kompetanseutvikling for å oppnå at elevane får varierte arbeidsmåtar/undervisning i alle fag?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på skuleeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane og barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Hyllestad, 19.oktober 2022

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Leiinga, lærarar, fagarbeidarar, elevråd, to elevar frå kvar klasse.
Eksterne: Harriett Norstrand, Anne Erstad og Åsmund Berthelsen

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Veke 35	møte med vurderarane, framtidsbilde	Vurderarane, rektor
Veke 39	27.9? Ferdig framtidsbilde	rektor
Veke 40	utarbeider spørreguidar, spørreundersøking foreldre. Blir sendt ut før ferien.	vurderarane rektor
Veke 41	Haustferie	
Veke 42	Purring foreldreundersøking, måndag	rektor
	Ekstern vurdering måndag- onsdag	vurderarane
	Framlegging for skulen med foreldre- og elevrepresentantar, skulesjef, HAFS	

Tidsplan:

Måndag:	
Tysdag:	
Onsdag:	
Torsdag:	

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einkilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna

Kvalitetsmål : «Elevane opplever støtte i skulekvardagen»

Elevane opplever ein god relasjon med tilsette og medelevar. Og blant elevar-elevar.
Korleis trivst du saman med lærarane dine? Elevane..
svar
Har du lærarar som gir deg lyst til å jobbe med faga?
svar
Kan du fortelle meg korleis du opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?
Svar..
Opplever du at lærarane dine har tru på at du kan gjere det bra på skulen?
Svar..
Elevane opplever klasserommet som ein trygg arena og torer å be om hjelp når dei treng det.
Kan du fortelle korleis lærarane hjelper deg, slik at du forstår det du skal lære eller du står fast i ei oppgåve?
Svar..
Viss du gjere noko feil, opplever du at lærarane synast dette er positivt og er nødvendig for læring?
Svar..
Elevane opplever at lærarane tilpassar lærestoffet til sitt nivå og sin læremåte.
Opplever du at det faglige /det de jobbar med i klassen som «passe vanskeleg»- at læraren tilpasser det faglege til elevane? Fortell..
Svar..
Jobbar de med fagstoff på ulike måtar- for eksempel lesing, skriving, aktivitet, sang – at ein lærer på ulike måter? Fortell..
Svar..
Korleis får du vite om du har gjort det bra/riktig?

Svar..
Elevane kjenner seg sett og opplever at lærarane er interessert i dei som heile menneske. At vi viser interesse for både fagleg nivå og gjennomføringsevne, men også for kva hen gjer i kvardagen elles.
Føler du deg sett av dei vaksne på skulen? Korleis?
Svar...
Opplever du at dei vaksne er interessert i korleis du har det? Om du klarer ein prøve/oppgåve, om du har det bra, at du har venner osv? Fortell.
Svar..
Dei vaksne er til stades, ser elevane og følg skulen sine rutiner for korleis ein «tek tak i ting».
Når det skjer noko i klasserommet eller i friminuttet, opplever de at dei vaksne på skulen tar tak i situasjonen på lik måte /følgjer like regler for kva som er greitt og ikkje greitt?
Svar..
Dei vaksne etterstrebar at elevane skal bli sjølvstendige individ ved å lære dei strategiar for korleis dei kan jobbe når dei står fast.
Opplever du at dei vaksne viser deg korleis du skal jobbe når du står fast, slik at du klarer å løyse oppgåva sjølv neste gang?
svar

Spørjeundersøking for foreldra

Spørjeundersøking føresette ved Hyllestad skule

Hyllestad skule skal ha ei ekstern vurdering i veke 42. Ekstern vurdering er ei undersøking av nokre forhold ved skulen som skulen ønskjer å bli betre på. Hyllestad skule har valt som tema »Støtte frå læraren». Dei eksterne vurderarane skal vere på skulen og intervjuje og observere og legge fram ein rapport om korleis skulen skårar i forhold til temaet og korleis skulen kan arbeide vidare.

Skulen har utarbeidd eit framtidsbilde som viser korleis dei meiner og ønskjer at skulen skal vere støttande for elevane. Her er det forventingar både til elevar, tilsette, foreldre og skulen som organisasjon.

I denne spørjeundersøkinga ønskjer vi å få vite korleis de, føresette til elevar ved Hyllestad skule, opplever at elevane får støtte frå dei tilsette. Målet for skule er at »alle foreldre opplever at barnet deira får støtte frå dei vaksne på skulen.»

Undersøkinga er anonym og er berre tilgjengeleg for vurderarane. Vi ber dykk om å fylle ut eit skjema for kvar elev ved skulen i husstanden.

På førehand takk for hjelpa

Vurderarane:

Anne Erstad, Harriett Norstrand, Åsmund Berthelsen.

Spørsmål 1

I kva klasse går eleven?

1 2 3 4 5 6 7 8 9 10

Spørsmål 2

Trivst eleven på skule?

Skala 1-4 kommentar

Kjenneteikn: Kommunikasjon mellom heim og skulen er god

Spørsmål 3

Eg blir teken imot på ein god måte når eg kontaktar skulen

Skala 1-4

Spørsmål 4

Eg kan raskt få eit møte med kontaktlærar/skulen dersom eg har behov for det

Ja/nei

Spørsmål 5

Eg er fornøgd med skulens informasjon om den faglege og sosiale utviklinga til barnet mitt.

Skala 1-4 kommentar

??Skulen har gjort meg kjent med kva tilpassa opplæring vil seie for barnet mitt.

??Eg og barnet mitt blir einige md kontaktlæraren om korleis barnet mitt skal følgjast opp nå det gjeld læring og utvikling.

??Lærarane følgjer opp avtalar og avgjerder frå utviklingssamtalane

Kjenneteikn: foreldre opplever at elevane har ein trygg og god skulekvardag.

Spørsmål 6

Opplever du at lærarane bryr seg om elevane?

Skala 1-4 Kommentar

Spørsmål 7

Opplever du at lærarane har positive forventingar til læring og utvikling for eleven?

Skala 1-4 Kommentar

Kjenneteikn: foreldre veit at dei vaksne på skulen bryr seg om elevane og at dei vaksne behandlar elevane med respekt

Spørsmål 8

Eg har inntrykk av at lærarane behandlar barnet mitt med respekt

Ja/nei kommentar

Kjenneteikn foreldra opplever at skulen gir elevane den fagleg oppfølginga dei har rett på

Spørsmål 9

Har eleven ei god fagleg utvikling?

Skala 1-4 Kommentar

Spørsmål 10

Meiner du at skulearbeid er viktig? Eller: Støttar du eleven i skulearbeidet sitt?

Skala 1-4

Spørsmål 11

Greier eleven å gjere lekser på eiga hand?

Skala 1-4 Kommentar

Spørsmål 12

Opplever du at eleven får god tilpassing av oppgåver, i tråd med elevens sine føresetnader og evner?

JANEI Kommentar

Spørsmål 13

Opplever du at lærarane bruker varierte undervisningsmetodar?

Ja/nei kommentar

Spørsmål 14

Opplever du at eleven får rettleiing/vurdering undervegs som støttar vidare arbeid?

Ja/nei kommentar

Spørsmål 15

Er det eit godt læringsmiljø i klassen?

Skala 1-4 Kommentar

Spørsmål 16

Eg har inntrykk av at barnet mitt kan gjere feil utan å bli gjort narr av i klassen

Ja/nei kommentar

Spørsmål 17

Eg har inntrykk av at lærarane stimulerer barnet mitt m.o.t.

- læringslyst,
- nysgjerrigheit og
- evne til kritisk tenking.

Skala 1-4

Spørsmål 18:

Lærarane følgjer opp synspunkta mine om mitt barns læring og utvikling

Ja/nei kommentar

Samtaleguide for personalet

Kvalitetsmål: «Alle elevar opplever å få fagleg, sosial og emosjonell støtte frå dei vaksne på skulen».

Teikn på god praksis:

1. Dei vaksne er til stades, ser elevane og følj skulen sine rutine for korleis ein «tek tak i ting».
2. Dei vaksne jobbar for å få gode relasjonar i klassen og på skulen
3. Dei vaksne fordeler tida si på ein fornuftig måte mellom elevane slik at alle vert sett og høyrte i løpet av ein skuledag og gir elevane ambisiøse nok oppgåver
4. Dei vaksne etterstrebar at elevane skal bli sjølvstendige individ ved å lære dei strategiar for korleis dei kan jobbe når dei står fast.

Spørsmål til refleksjon og samtale:

1. Kva meiner du er «god støtte frå læraren? Korleis jobbar du for å skape god støtte for elevane? Føler du at du klarer å gi alle elevane god støtte?
2. Kva rutine har skulen 9-A- aktivitetsplikta? Følj dei tilsette/skulen desse?
3. Korleis arbeider De med å skape gode relasjonar mellom dei tilsette og elevane og elev-elev? Opplever De at de klarer å få gode relasjonar med alle elevar?
4. Korleis fordeler du tida på elevane i den daglege undervisninga?
5. Er klasserommet ein god og trygg læringsarena? I alle fag?

Samtale guide leiargruppa/organisasjonen

Kvalitetsmål: «Organisasjonen syter for at tilsette har fag –og relasjonskompetanse».

Teikn på god praksis:

1. Ein har fokus på utviklingsarbeid innanfor emnet og tileignar seg kompetanse om kva som skapar eit trygt og godt skulemiljø.
2. Skulen har gode rutinar for handtering av ulike situasjonar og er lojale mot rutineane.
3. Vaksne har god dialog seg imellom, når ein treng råd om både faglege og sosiale emner.
4. Ein samarbeider godt med eksterne faginstansar som helsestasjon, ppt, bup, barnevern, SU, FAU og elevråd.

1. Korleis driv skulen utviklingsarbeidet?
2. Har skulen ein oppdatert utviklings- og eller plan for kompetanseutvikling?
3. Kva meiner de om rutineane for handtering av ulike situasjonar (skule- og læringsmiljø)?
4. Vert rutineane fylgde – og er alle lojale?
5. Korleis går dialogen mellom dei vaksne, formelt og uformelt?
6. Korleis samarbeider skulen med faginstansane nemnt i framtidsbilete?

Observasjonsskjema

Ingen